



Alle lærebedrifter

Dato: 30.04.2018
Vår ref.: 2017/5081-10
Saksbehandlar: tormje
Dykkar ref.:

Krav om internkontrollsystem for opplæring i bedrift

Fylkesmannen i Hordaland hadde hausten 2017 tilsyn med Hordaland fylkeskommune i høve fylkeskommunen sitt ansvar for godkjenning, oppfølging og rettleiing av lærebedrifter. Eitt av dei tilhøva Fylkesmannen peika på, var at fagopplæringskontoret ikkje har godt nok system for å sikre at lærebedriftene har intern kvalitetssikring av opplæringa av lærlingar og lærekandidatar.

Føremålet med intern kvalitetssikring i denne samanheng er å sikre at lærlingar og lærekandidatar får opplæring i samsvar med opplæringslova. Det vil seie at opplæringa er i samsvar med gjeldande læreplan, at fagleg kvalifiserte personar har ansvaret, at bedriftene utarbeider interne planar og instruktørane gjennomfører oppfølgingssamtalar og halvårsvurdering, og at bedrifta legg til rette for eit godt arbeids- og læringsmiljø.

Enkeltdelane i eit internkontrollsystem er kjende og blir brukte av dei fleste av lærebedriftene våre. Fagopplæringskontoret vil no sjå til at bedriftene tar desse inn i eit meir formelt kvalitetssikringssystem, som i tillegg til det som er nemnt over, må omfatte gode rutinar knytt til fagleg leiar, instruktør og gyldig godkjenning, og rutinar for endringar i læretilhøvet, rapportering mm.

Vedlagt dette brevet finn de ei oppstilling over minimumsinnhaldet i eit internkontrollsystem. Vi ber alle bedrifter om å gå gjennom oversikta og rette opp det de eventuelt manglar i høve til eit slikt system.

Dette er meint som eigenkontroll i denne omgang. Fagopplæringskontoret skal ikkje ha tilbakemelding på dette brevet, men vi kjem til å spørje etter kvalitetssikringssystemet i samband med bedriftsbesøk, årsrapportering mm.

Ta gjerne kontakt med oss om de har spørsmål.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Torbjørn Mjelstad
fagopplæringsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Internkontrollsystem for opplæring i bedrift – minimumsinnhald

Verksemda lagar rutinar der de ikkje har dette, og arkiverer dokumenta i eige internkontrollsystem.

Fagleg leiar	Ja/nei
Er fagleg leiar framleis tilsett og godkjent?	
Har bedrifta framleis aktivitet som dekker heile gjeldande læreplan? Ev. samarbeidsavtale med ei anna bedrift for å få dette til?	
Er produksjonen og opplæringa lagt til rette for å nå alle måla i læreplanen?	
Instruktør (den/dei som skal stå for hovuddelen av opplæringa. Fagleg leiar kan vere instruktør.)	
Har bedrifta ein eller fleire instruktørar?	
Har bedrifta oversikt over kva instruktør som gir opplæring i kva slags mål i læreplanen?	
Intern plan for opplæringa (lærlingen sin opplæringsplan)	
Har bedrifta ei god oppfølging av opplæringsplanen til lærlingen ?	
Blir planen godt integrert og tilpassa det daglege arbeidet i bedrifta?	
Planlagde samtalar (vurderingssamtalar)	
Har lærebedrifta ein rutine for gjennomføring av planlagde samtalar med lærlingen kvart halvår?	
Sikrar bedrifta at lærlingen når læringsmåla for ein viss periode?	
Deltek lærlingen i planlegginga av eige arbeid?	
Deltek lærlingen i vurderinga av eige arbeid?	
Er lærlingen kjend med kva som blir tema i vurderingssamtalen?	
Er lærlingen kjend med innhaldet i fag- og sveineprøva?	
Representant for dei tilsette (gjeld bedrifter med over 10 tilsette)	
Har bedrifta oppnemnt representant(ar) for dei tilsette som ser til opplæringa?	
Arbeids- og læringsmiljø	
Har de gode mottaksrutinar for lærlingane?	
Har de kartlagt lærlingen sin faglege kompetanse og behov godt nok?	
Er lærlingen trygg nok på arbeidsoppgåvene sine?	
Tilpassar de og endrar rutinar etter respons frå lærlingen?	
Er det tilrettelagt for læring og vurdering i heile arbeidsmiljøet (lærlingen inngår i eit arbeidsfellesskap)?	
Er lærlingen informert om bedrifta sine HMS- og internkontrollrutinar?	
Har bedrifta rutinar i fall mobbing og trakassering skjer på arbeidsplassen?	
Har bedrifta også rutinar for	
Arbeidsavtale og lærekontrakt med lærlingen	
Endringar i læretilhøvet for lærlingen	
Avslutting av læretilhøvet	
Oppmelding til fag- og sveineprøve	
Gjennomføring av lærlingundersøkinga	
Gjennomføring av årsrapportering/lærebedriftundersøkinga	